




Kaktus Sokker

Diagram for kaktusmønsteret:

□ = Rett på retta, vrang på vranga

● = Vrang på retta, rett på vranga

▲ = Løft ein m av som om den skulle strikkast vrang. Hold tråden på vranga



31 30 29 28 27 26 25 24 23 22 21 20 19 18 17 16 15 14 13 12 11 10 9 8 7 6 5 4 3 2 1

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk, og #kaktussokker om du vil. Lykke til!

Elisabeth



| | |
|-------------------------|--|
| Størrelse: | Dame / Herre (str. 35-52) |
| Garneksempl: | HS Soft Sock, HS Silver Sock, HS Angel |
| Garnmengde: | Ca. 70 g i str. 39 |
| Pinne: | Pinne 2,25 mm / 3 mm |
| Strikkefastheit: | 30m pr 10 cm / 28m pr 10 cm |

Desse lestane er strikka frå tåa og opp.

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Damesokken skal strikkast med strikkefastheit 30/10, medan herresokkane på 28/10. Lengden justerer du ihht tabell.

Forkortinger:

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridde rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

SFB = Strikk i framre og bakre maskeboge på same maske = 1 maske auka.

RS = Rettsida

VS = Vrangsida

Tå:

Legg opp 11 m på kvar pinne med Judy's magic cast on totalt 22 masker.

Strikk ein omgang rett.

Nå skal du begynne å auke til tåa:

- Omg. 1: *SFB, strikk rett til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett* Gjenta *-* på pinne 2.
- Omg. 2: Strikk alle maskane rett.

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har totalt 62 masker på pinnane.

Avslutt med omg. 2. No har du 31 m på kvar pinne.

Fot:

Når tåa er ferdig startar du med å strikke kaktusmønster etter diagrammet. Mønster oppå foten, glattstrikk under. **MEN:**

Kaktusmønsteret trekker seg litt saman i forhold til glattstrikk under foten. Derfor snur du og strikker omg. 4 frå vranga. Snu igjen og start frå omg. 1. Derved får du ein ekstra omg. oppå foten slik at begge sider blir like lange. For å tette igjen hola i sidene der du har snudd: Løft tråden mellom pinne 1 og 2 opp og strikk den vridde sammen med neste maske. Gjer dette i kvar side.

Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Sjå tabell. Tabellen viser full lengde av foten. Hælen måler ca. 8 cm.

Hækile:

No skal du auke til hækilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til står att 2 masker, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram. (Snu og strikk 4. omg. som tidlegare)
- Omg. 2, pinne 1: Rett
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 55 masker på pinne 1.

| EUR | CM |
|-----|------|
| 52 | 34.0 |
| 51 | 33.4 |
| 50 | 32.7 |
| 49 | 32.1 |
| 48 | 31.4 |
| 47 | 30.8 |
| 46 | 30.1 |
| 45 | 29.5 |
| 44 | 28.8 |
| 43 | 28.1 |
| 42 | 27.5 |
| 41 | 26.8 |
| 40 | 26.2 |
| 39 | 25.5 |
| 38 | 24.8 |
| 37 | 24.2 |
| 36 | 23.5 |
| 35 | 22.9 |

Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Helen skal også ha kaktusmønster som oppå foten.

Før du starter, sett ein MM på kvar side av dei midterste 7 m på pinne 1 slik: Strikk 24 r, sett MM, strikk 7 m etter diagrammet, sett MM, strikk 24 r. Snu. Strikk 24 vr, flytt MM, strikk etter diagrammet, flytt MM, 24 vr. Snu.

No skal du felle inn igjen dei maskane du auka til hækilen, samstundes som du legg til mønster på kvar side av dei 7 midterste maskane. Fjern MM når du kjem til dei.

- Omg. 1 RS: Strikk 24 r, 7 m etter diagram, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, 8 m som diagram viser, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.



Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du igjen har 31 masker på pinne 1.

Husk å fylle på med kaktusmønster etterkvart. (sjå biletet)

Pass på å avslutte hælen på same omg. som du avslutta oppå foten, slik at du er på same stad i mønsteret når du no skal byrje å strikke skaftet. Berre strikk eit par ekstra omg. bak på hækilen om du treng det for å kome på same plass.

Skaft:

For å unngå hol i sidene når du skal byrje å strikke rundt igjen, og for å få mønsterrapport til å gå opp:

Plukk opp ein maske i kvar side mellom pinne 1 og 2. Strikk den siste masken, den du plukka opp og den første masken på neste pinne saman (3m saman) = 2 m felt.

Strikk mønster etter diagrammet heile vegen rundt (på begge pinner) i ca. 5 cm.

Rullekant:

Strikk 10 omg rett.

Fell laust av med *Jeny's surprisingly stretchy bind off*
No vil du få ein fin rullekant.